- Det antall stortingsrepresentanter som blir å velge fra hvert valgdistrikt, bestemmes på grunnlag av en beregning av forholdet mellom hvert distrikts antall innbyggere samt areal, og hele rikets antall innbyggere samt dets areal, når hver innbygger gir 1 poeng og hver kvadratkilometer gir 1,8 poeng. Beregningen blir å foreta hvert åttende år. (Vinje)<sup>25</sup>

**§ 59:** Udjævningsmandaterne fordeles mellem de i Udjævning deltagende Partier paa Grundlag af Forholdet mellem de

---

24 I rapporten frå Graverutvalet var framlegget: «Talet på stortingsrepresentantar som skal veljast frå kvart valdistrikt, blir utrekna på grunnlag av høvet mellom innbyggjartalet og flatevidda i distriktet på den eine sida og innbyggjartalet og flatevidda i heile riket på den andre sida. I denne utrekninga gjev kvar innbyggjar 1 poeng og kvar kvadratkilometer 1,8 poeng. Utrekninga skal gjerast kvart åttande år.»

25 Legg òg merke til små detaljar som «skal gjerast/veljast» kontra «blir å foreta/velge». Det er så å seie vesensskilnaden mellom versjonane som syner seg her. Det er rimeleg å kalle «skal gjerast/gjøres» den normale norske målføringa, og vi forstår ikkje at det ikkje skal vere «fint nok».

sammenlagte Stemmetal for de enkelte Partier i det hele Rige i det Øiemed at opnaa **størst mulig Forholdsmessighed Partierne imellem.**

- Med sikte på **best mogleg samsvar mellom røystetal og representasjon** blir utjamningsmandata delte mellom dei partia som er med i utjamninga, på grunnlag av høvet mellom røystetala deira i heile riket. (NN)
- Utjevningmandatene fordeles mellom de i utjevningen deltagende partier på grunnlag av forholdet mellom de sammenlagte stemmetall for de enkelte partier i hele riket i det øyemed å oppna **størst mulig forholdsmessighet partiene imellom.** (Vinje)

I denne omskrivinga ligg det òg ei lita presisering (utheva).  
«Forholdsmessighet» mellom partia er ikkje så klårt.

#### 2.4 Ordval i nynorskversjonen

##### **Ord på be-**

Grunnlova inneheldt mange ord som var utanfor eller på sida av det tradisjonelle nynorske ordtilfanget. Ei stor gruppe er orda som byrjar med *be-*, og her følgjer nokre døme på kva vi gjorde med dei. Utvalet måtte naturlegvis ta stilling til kva eit ord tyder i den aktuelle paragrafen. Ein god illustrasjon på det er at substantivet «Betænkning» er omsett ulikt i § 22 og § 83.

Beslutning (mange paragrafar)

- avgjerd/vedtak (NN)

Bestemmelse(r) (mange paragrafar)

- føresegn(er) (NN)

§ 93: ... at en international Sammenslutning ... **skal kunne udøve Beføielser**

- **får råderett** (NN)

beskikke (fleire paragrafar)

- utnemne (NN)

§ 28: Embeders Besættelse

- embetsutnemningar (NN)
- embetsutnevnelser (Graver BM og Vinje)

(være) stemmeberettiget (fleire paragrafar)  
→ ha røysterett, vere røystefør (NN)

beklæde Embeder (fleire paragrafar)  
→ ha embete (NN)

§ 22: efterat han derom har hørt **Statsraadets Betænkning**  
→ etter at han har høyrte **kva statsrådet meiner** om det (NN)

§ 83: Høiesterets **Betænkning** over juridiske Gjenstande  
→ **utgreiing** frå Høgsterett om juridiske emne (NN)

Under tvil valde Graverutvalet å bruka verbet *behandle* og substantivet *behandling* i nynorskversjonen, somme stader òg i staden for andre ord:

§ 73: Dog **kan** ikke Grundlovsforslag **behandles**, medmindre mindst to Trediedele af Storthingets Medlemmer ere tilstede.  
→ Grunnlovsframlegg **kan** berre **behandlast** dersom minst to tredjedelar av medlemmene er til stades. (NN)

§ 76: Imellem enhver saadan **Deliberation** maa, i det mindste, tre Dage hengaa.  
→ Mellom kvar slik **behandling** må det gå minst tre dagar. (NN)

Eit alternativ ville vore det mykje brukte *handsame* og *handsaming*. I verkeleg tradisjonell nynorsk nytta ein helst *ta opp*, *ha opp*, *ha føre* o.a., men denne floraen av i og for seg enkle uttrykk kan vere vanskeleg å handtere rett i dag.

### Ord på *-het*

Også ord som endar på *-het*, vart i alle tilfelle som nær som eitt omskrivne («sivile overøvrighetspersonar» i § 22). Somme stader vart dei skifte ut med andre substantiv, andre stader med adjektiv og éin stad (§ 65) var løysinga stryking:

Statens **Myndigheder** (mange paragrafar)  
→ dei statlege **styresmaktene** (NN)

§ 3: **alle de Rettigheder** og Pligter som ... indehaves af Kongen  
→ **alle rettar** og plikter som kongen har (NN)



§ 12: ... kan Kongen ved overordentlige Leiligheder ... tilkalde andre norske Borgere  
→ ... kan kongen i særlege høve kalle inn andre norske borgarar (NN)

§ 26: Traktater angaaende Sager af særlig Vigtighed ...  
→ Traktatar om særleg viktige saker ... (NN)

§ 65: Ferier af mindst 14 Dages Varighed  
→ feriar på minst 14 dagar (NN)

§ 75: Decisionsmyndigheden  
→ desisjonsmakta (NN)

§ 110 b:<sup>26</sup> et Milieu som sikrer Sundhed  
→ eit helsesamt miljø (NN)

#### Andre ord med lite rom i nynorsk

Vi avsluttar med fleire døme på omsetjing av «bokmålsord» til nynorsk. Nokre av endringane var nødvendige, andre kan diskuterast, for vanleg nynorsk inneheld mange brukande ord som før vart rekna som bokmål. Ein kunne godt valt annleis. Det kan vere vanskeleg å skjøne kvifor eitt ord er skift ut med noko meir norsk eller moderne, medan eit liknande ord har fått stå. Vonleg har denne gjennomgåinga gjort det lettare å forstå kvifor endringane ikkje kunne bli konsekvente, korkje i nynorskversjonen, i bokmålsversjonen eller hjå Vinje. Når ikkje anna er nemnt nedanfor, ligg Vinjes versjon nær originalen i ordvalet på dei aktuelle punkta:

§ 74: kun forsaavidt det af Storthinget maatte tilstedes  
→ berre når Stortinget gjev løyve til det (NN)  
→ bare for så vidt Stortinget måtte tilstede det (Vinje)

§ 14: Kongen kan beskikke Statssekretærer til at bistaa Statsraadets Medlemmer under Udførelsen af deres Forretninger udenfor Statsraadet.  
→ Kongen kan utnemne statssekretærar til å hjelpe medlemmene av statsrådet med gjeremåla deira utanfor statsrådet. (NN)

---

26 Paragrafen har seinare bytt nummer til § 112.

- § 30: **Finder** noget Medlem af Statsraadet, at Kongens Beslutning er stridende mod Statsformen eller Rigets Love, er det Pligt at **gjøre kraftige Forestillinger derimod ...**  
 → **Meiner** nokon medlem av statsrådet at avgjerda til kongen strir mot statsforma eller lovene i landet, har ho eller han plikt til å **ta kraftig til motmæle ...** (NN)  
 → **Finner** noe medlem av statsrådet at kongens beslutning strider mot statsformen eller rikets lover, er det en plikt å **gjøre kraftige motforestillinger ...** (Vinje)
- § 28: **Forestillinger** om Embeders Besættelse  
 → **Tilrådingar** om embetsutnemningar ...  
 → **Innstillinger** om embetsutnevnelser ... (Vinje)
- § 8: Saasnat Kongen har opnaaet den lovbestemte Alder, **erklærer han sig offentligen at være myndig.**  
 → Så snart kongen har nådd den lovfeste alderen, **lyser han seg myndig** (NN)
- § 7: hvis Kongens Forslag **ikke bifaldes**  
 → dersom framlegget frå kongen **ikkje blir stødd** (NN)
- § 108:<sup>27</sup> **Ingen** Grevskaber, Baronier, Stamhuse og Fideikommiss, **maa for Eftertiden oprettes.**  
 → **Heretter kan det ikkje skipast** grevskap, baroni, stamhus eller fideikommiss. (NN)
- § 16: dens [= Kirkens] **Ordning**  
 → **kyrkjeskipnaden** (NN)

I den opphavlege teksten var substantivet *Gjenstand* brukt i tydinga 'emne'. Graverutvalet har konsekvent bytt ordet ut med *emne* der det høver. Hå Vinje finn vi litt av kvart, sikkert med god grunn i kvart tilfelle:

- § 100: Frimodige Ytringer om Statsstyrelsen og hvilkensomhelst anden **Gjenstand** ere Enhver tilladte.  
 → Alle har rett til å ytre seg frimodig om statsstyringa og kva anna **emne** som helst. (NN)  
 → Frimodige ytringer om statsstyret og hvilken som helst annen **gjenstand** er tillatt for enhver. (Vinje)

---

27 Paragrafen har seinare bytt nummer til § 118.

§ 74: en Tale, hvori han underretter det om Rigets Tilstand og **de Gjenstande**, hvorpaa han især ønsker at henlede Stortingets Opmærksomhed

→ ei tale om tilstanden i riket og **dei emna** han særleg vil gjere Stortinget merksam på (NN)

en tale der han underretter det om rikets tilstand og **de forhold** som han især ønsker å lede Stortingets oppmerksomhet mot (Vinje)

§ 83: Høiesterets Betænkning over juridiske **Gjenstande**

→ utgreiing frå Høgsterett om juridiske **emne** (NN)

→ Høyesteretts betenkning om juridiske **emner** (Vinje)

**Tillegg: Liste over avvik mellom Graverutvalets framlegg til nynorskversjon og den vedtekne nynorskversjonen av Grunnlova.**

## Avvik mellom den vedtekne nynorskversjonen av Grunnlova og framlegget frå Graverutvalet

Nedanfor er avvika attgjevne. Skilnadene mellom versjonane er markerte med **utheving** i begge versjonane.

I venstre kolonne står den vedtekne grunnlovsteksten, i høgre kolonne framlegget frå Graverutvalet. Paragrafnummera følgjer Grunnlova slik ho var då utvalet la fram rapporten sin. Også paragrafar som seinare er oppheva, endra eller har bytt nummer, er tekne med.

	VEDTEKEN GRUNNLOVSTEKST	GRAVERUTVALETS FRAMLEGG
Preambel	Grunnlov for Kongeriket Noreg, gjeven i riksforsamlinga på Eidsvoll den 17. mai 1814, slik ho lyder etter seinare endringar, seinast <b>grunnlovsvedtak av 21. mai 2012</b> .	Grunnlov for Kongeriket Noreg, gjeven i riksforsamlinga på Eidsvoll den 17. mai 1814, slik ho lyder etter seinare endringar, seinast <b>grunnlovsvedtak [dato]</b> .
§ 6 fyrste avsnitt	Berre <b>barn av ei dronning eller ein konge</b> , eller av nokon som sjølv har arverett, kan arve, og barnet må vere født i lovleg ekteskap.	Berre <b>barn av dronning eller konge</b> , eller av nokon som sjølv har arverett, kan arve, og barnet må vere født i lovleg ekteskap.
§ 6 andre avsnitt	Den ufødde har òg arverett, <b>og tek sin plass i arvefølgja så snart ho eller han kjem til verda</b> .	Den ufødde har òg arverett, <b>og barnet tek sin plass i arvefølgja så snart det kjem til verda</b> .
§ 15	Når Stortinget har gjort vedtak om mistillit, kan statsrådet berre utføre dei gjeremåla som trengst for forsvarleg <b>embetsutøving</b> .	Når Stortinget har gjort vedtak om mistillit, kan statsrådet berre utføre dei gjeremåla som trengst for forsvarleg <b>embetsførsle</b> .
§ 19	Kongen ser til at <b>eigedomane</b> og regala til staten blir nytta og forvalta slik Stortinget har fastsett, og på den måten som er nyttigast for samfunnet.	Kongen ser til at <b>eigedommane</b> og regala til staten blir nytta og forvalta slik Stortinget har fastsett, og på den måten som er nyttigast for samfunnet.
§ 21	Embetsmenn som ikkje er norske borgarar, kan <b>i lov</b> få fritak frå denne plikta.	Embetsmenn som ikkje er norske borgarar, kan <b>ved lov</b> få fritak frå denne plikta.
§ 22	Statsministeren, dei andre medlemmene av statsrådet og statssekretærene <b>kan, utan dom, få avskil</b> av kongen etter at han har høyrte kva statsrådet meiner om det.	Statsministeren, dei andre medlemmene av statsrådet og statssekretærene <b>kan utan dom avsetjast</b> av kongen etter at han har høyrte kva statsrådet meiner om det.
§ 23	Kongen kan gje ordenar til kven han vil, til påskjøning for framifrå <b>forteneste</b> , som må kunnngjerast offentleg.	Kongen kan gje ordenar til kven han vil, til påskjøning for framifrå <b>gagnsverk</b> , som må kunnngjerast offentleg.
§ 25	Landvernet og andre troppar som ikkje kan reknast som linetroppar, må aldri brukast utanfor <b>riksgrensene</b> utan samtykke frå Stortinget.	Landvernet og andre troppar som ikkje kan reknast som linetroppar, må aldri brukast utanfor <b>grensene til riket</b> utan samtykke frå Stortinget.
§ 28	Det <b>kan gjerast</b> unntak frå behandling i statsråd for eigentlege militære kommandosaker i den mon kongen fastset.	Det <b>kan likevel gjerast</b> unntak frå behandling i statsråd for eigentlege militære kommandosaker i den mon kongen fastset.

	VEDTEKEN GRUNNLOVSTEKST	GRAVERUTVALETS FRAMLEGG
§ 29	Hindrar lovleg forfall ein statsråd i <b>å møte</b> og målbere saker som <b>tilhøyrer</b> hennar eller hans fagområde, skal sakene målberast av ein annan statsråd, som kongen konstituerer til det.	Hindrar lovleg forfall ein statsråd <b>frå å møte</b> og målbere saker som <b>høyrer til</b> hennar eller hans fagområde, skal sakene målberast av ein annan statsråd, som kongen konstituerer til det.
§ 30	Kongen har plikt til å høyre <b>den</b> , men kan ta avgjerd etter eige omdømme.	Kongen har plikt til å høyre <b>meininga</b> , men kan ta avgjerd etter eige omdømme.
§ 31	I militære kommandosaker skal avgjerdene kontrasignerast av den som har målbore saka, men elles av <b>statsministeren, og om</b> statsministeren ikkje var til stades i statsrådet, av den fyrste av dei medlemmene som var det.	I militære kommandosaker skal avgjerdene kontrasignerast av den som har målbore saka, men elles av <b>statsministeren eller, om</b> statsministeren ikkje var til stades i statsrådet, av den fyrste av dei medlemmene som var det.
§ 36	Handlar ho eller han i strid med dette, misser vedkommande retten til Noregs trone <b>for seg</b> så vel som for etterkommarane sine.	Handlar ho eller han i strid med dette, misser vedkommande retten til Noregs trone <b>for seg sjølv</b> så vel som for etterkommarane sine.
§ 41	Er kongen utanfor riket utan å vere i felt, eller er han så sjuk at han ikkje kan ta seg av regjeringa, skal den næraste arvingen til trona stå for regjeringa som mellombels utøvar av kongemakta, <b>men berre så fram</b> ho eller han har nådd myndig alder for kongen.	Er kongen utanfor riket utan å vere i felt, eller er han så sjuk at han ikkje kan ta seg av regjeringa, skal den næraste arvingen til trona stå for regjeringa som mellombels utøvar av kongemakta, <b>så fram</b> ho eller han har nådd myndig alder for kongen.
§ 50	I kva mon norske borgarar som på valdagen er busette <b>utanlands</b> , men elles stettar vilkåra ovanfor, skal ha røysterett, blir fastsett i lov.	I kva mon norske borgarar som på valdagen er busette <b>i utlandet</b> , men elles stettar vilkåra ovanfor, skal ha røysterett, blir fastsett i lov.
§ 51	Reglar om <b>manntalsføringa</b> og om <b>innføringa</b> av dei røysteføre i manntalet blir fastsette i lov.	Reglar om <b>manntalsføring</b> og om <b>innføring</b> av dei røysteføre i manntalet blir fastsette i lov.
§ 53	Røysteretten misser <b>den som a.</b> blir dømd for strafflagde handlingar, i samsvar med føresegner om dette i lov, <b>b.</b> går i teneste for ei framand makt utan samtykke frå regjeringa.	Røysteretten misser <b>a) den som</b> blir dømd for strafflagde handlingar, i samsvar med føresegner om dette i lov, <b>b) den som</b> går i teneste for ei framand makt utan samtykke frå regjeringa.
§ 57 andre avsnitt	Riket <b>er</b> inndelt i 19 valdistrikt.	Riket <b>blir</b> inndelt i 19 valdistrikt.
§ 57 femte avsnitt	Talet på stortingsrepresentantar som skal veljast frå kvart valdistrikt, blir utrekna <b>på grunnlag av innbyggjartalet og flatevidda i distriktet i høve til innbyggjartalet og flatevidda i heile riket.</b>	Talet på stortingsrepresentantar som skal veljast frå kvart valdistrikt, blir utrekna <b>på grunnlag av høvet mellom innbyggjartalet og flatevidda i distriktet på den eine sida og innbyggjartalet og flatevidda i heile riket på den andre sida.</b>
§ 67	Representantane som er valde på den ovannemnde måten, utgjer Kongeriket Noregs <b>storting.</b>	Representantane som er valde på den ovannemnde måten, utgjer Kongeriket Noregs <b>Storting.</b>

	VEDTEKEN GRUNNLOVSTEKST	GRAVERUTVALETS FRAMLEGG
§ 75	<p>Det høyrer Stortinget til</p> <p>a) å gje og oppheve lover; å fastsetje skattar, avgifter, toll og andre offentlege bører, som likevel ikkje gjeld etter 31. desember året <b>etter om</b> dei ikkje blir uttrykkeleg fornya av eit nytt storting,</p> <p>b) å ta opp lån på rikets kreditt,</p> <p>c) å føre oppsyn med pengestellet i riket,</p> <p>d) å løyve dei pengesummane som trengst til statsutgiftene,</p> <p>e) å fastsetje kor mykje kongen skal få utbetalt til hoffstaten sin kvart år, <b>og å fastsetje apanasjen til den kongelege familien</b>, som ikkje kan vere i <b>faste eigedommar</b>,</p> <p>f) å få seg førelagt protokollane frå statsrådet og alle offentlege meldingar og papir,</p> <p>g) å få melding om dei folkerettslege avtalene som kongen har gjort med framande makter for staten,</p> <p>h) å kunne gje kven som helst påbod om å møte for seg i statssaker, så nær som kongen og den kongelege familien; likevel kan dei kongelege prinsessene og prinsane kallast inn dersom dei har embete,</p> <p>i) å revidere lister over mellombels løner og pensjonar og gjere dei endringane som Stortinget meiner trengst,</p> <p>k) å utnemne fem revisorar som skal sjå gjennom statsrekneskapane kvart år og kunnngjere utdrag av dei på prent; <b>revisorane skal difor få rekneskapane innan seks månader</b> etter utgangen av det året som Stortinget har gjeve løyvingar for; og å gje føresegner om ordninga av desisjonsmakta overfor rekneskapstenestemennene til staten,</p> <p>l) å utnemne ein som ikkje er medlem av Stortinget, som etter nærare føresegner fastsette i lov skal føre kontroll med den offentlege forvaltninga og alle som er i offentlig teneste, for å hindre at det blir gjort urett mot den einskilde borgaren,</p> <p>m) å gje <b>innfødsrett</b>.</p>	<p>Det høyrer Stortinget til</p> <p>a) å gje og oppheve lover; å fastsetje skattar, avgifter, toll og andre offentlege bører, som likevel ikkje gjeld etter 31. desember året <b>etter, om</b> dei ikkje blir uttrykkeleg fornya av eit nytt storting;</p> <p>b) å ta opp lån på rikets kreditt;</p> <p>c) å føre oppsyn med pengestellet i riket;</p> <p>d) å løyve dei pengesummane som trengst til statsutgiftene;</p> <p>e) å fastsetje kor mykje kongen skal få utbetalt til hoffstaten sin kvart år, <b>og fastsetje den kongelege familiens apanasje</b>, som ikkje kan vere i <b>fast eigedom</b>;</p> <p>f) å få seg førelagt protokollane frå statsrådet og alle offentlege meldingar og papir;</p> <p>g) å få melding om dei folkerettslege avtalene som kongen har gjort med framande makter for staten;</p> <p>h) å kunne gje kven som helst påbod om å møte for seg i statssaker, så nær som kongen og den kongelege familien; likevel kan dei kongelege prinsessene og prinsane kallast inn dersom dei har embete;</p> <p>i) å revidere lister over mellombels løner og pensjonar og gjere dei endringane som Stortinget meiner trengst;</p> <p>k) å utnemne fem revisorar som skal sjå gjennom statsrekneskapane kvart år og kunnngjere utdrag av dei på prent; <b>revisorane skal få rekneskapane tilsende innan seks månader</b> etter utgangen av det året som Stortinget har gjeve løyvingar for; og å gje føresegner om ordninga av desisjonsmakta overfor rekneskapstenestemennene til staten;</p> <p>l) å utnemne ein som ikkje er medlem av Stortinget, som etter nærare føresegner fastsette i lov skal føre kontroll med den offentlege forvaltninga og alle som er i offentlig teneste, for å hindre at det blir gjort urett mot den einskilde borgaren;</p> <p>m) å gje <b>innfødsrett</b>.</p>
§ 77	Når Stortinget har gjort same lovvedtaket to gonger på rad, går <b>det</b> til kongen med oppmoding om sanksjon.	Når Stortinget har gjort same lovvedtaket to gonger på rad, går <b>vedtaket</b> til kongen med oppmoding om sanksjon.

	VEDTEKEN GRUNNLOVSTEKST	GRAVERUTVALETS FRAMLEGG
§ 79	Når to storting med eitt val og minst to storting imellom har gjort same lovvedtaket uendra utan at Stortinget i mellomtida har gjort avvikande endeleg lovvedtak, og det då blir lagt fram for kongen med dei orda at Hans Majestet ikkje vil nekte å sanksjonere eit lovvedtak som Stortinget etter ei grundig vurdering held for gagnleg, så blir det til lov endå om kongen <b>ikkje sanksjonerer det</b> for Stortinget skilst.	Når to storting med eitt val og minst to storting imellom har gjort same lovvedtaket uendra utan at Stortinget i mellomtida har gjort avvikande endeleg lovvedtak, og det då blir lagt fram for kongen med dei orda at Hans Majestet ikkje vil nekte å sanksjonere eit lovvedtak som Stortinget etter ei grundig vurdering held for gagnleg, så blir det til lov endå om kongen <b>ikkje gjev sanksjon</b> for Stortinget skilst.
§ 80 andre avsnitt	I samsvar med reglar i <b>Stortingets forretningsorden</b> kan forhandlingane takast opp att, men dei blir avslutta seinast siste kvardagen i september.	I samsvar med reglar i <b>den ordenen Stortinget har vedteke</b> , kan forhandlingane takast opp att, men dei blir avslutta seinast siste kvardagen i september
§ 80 tredje avsnitt	Innan den tid kunnjier kongen for Stortinget avgjerda si om dei lovvedtaka som ikkje alt er avgjorde (jf. §§ 77–79), anten med å stadfeste <b>eller forkaste dei</b> . <b>Dei</b> han ikkje uttrykkeleg godkjenner, blir rekna som forkasta <b>av han</b> .	Innan den tid kunnjier kongen for Stortinget avgjerda si om dei lovvedtaka som ikkje alt er avgjorde (jf. §§ 77–79), med anten å stadfeste <b>eller å forkaste dei</b> . <b>Alle dei</b> han ikkje uttrykkeleg godkjenner, blir rekna som forkasta <b>av kongen</b> .
§ 81	Alle lover (så nær som dei etter § 79) blir utferda i namnet til kongen, under Noregs rikssegl og med desse orda: «Vi N.N. gjer <b>kunnig at</b> Oss er førelagt vedtak frå Stortinget <b>dagsett</b> som lyder slik: (her kjem vedtaket). Vi godkjenner og stadfester dette vedtaket som lov, under Vår hand og riksseglet.»	Alle lover (så nær som dei etter § 79) blir utferda i namnet til kongen, under Noregs rikssegl og med desse orda: «Vi N.N. gjer <b>kunnig: at</b> Oss er førelagt vedtak frå Stortinget <b>dagsett dato</b> som lyder slik: (her kjem vedtaket). Vi godkjenner og stadfester dette vedtaket som lov, under Vår hand og riksseglet.»
§ 86	Dei som har teke sete i Riksretten som valde av Stortinget, blir sitjande <b>sjølv om</b> tida dei er valde for, går ut før Riksretten har avslutta saka. Like eins blir høgsterettsdommarar sitjande i Riksretten <b>sjølv om</b> dei går av som medlemmer av Høgsterett.	Dei som har teke sete i Riksretten som valde av Stortinget, blir sitjande <b>jamvel om</b> tida dei er valde for, går ut før Riksretten har avslutta saka. Like eins blir høgsterettsdommarar sitjande i Riksretten <b>jamvel om</b> dei går av som medlemmer av Høgsterett.
§ 90	<b>Høgsterettsdommar</b> kan ikkje i noko tilfelle ankast.	<b>Ein høgsterettsdom</b> kan ikkje i noko tilfelle ankast.
§ 91	Ingen kan utnemnast til <b>høgsterettsdommar</b> før ho eller han er 30 år gammal.	Ingen kan utnemnast til <b>medlem av Høgsterett</b> før ho eller han er 30 år gammal.
§ 92	Til embete i staten kan det berre utnemnast norske borgarar som talar <b>Noregs språk</b> og a) anten er fødde i riket av foreldre som då var norske statsborgarar, b) eller er fødde i utlandet av norske foreldre som då ikkje var statsborgarar i noko anna land, c) eller har opphalde seg i riket i 10 år, d) eller får <b>innfødsrett</b> av Stortinget.	Til embete i staten kan det berre utnemnast norske borgarar som talar <b>språket i landet</b> og a) anten er fødde i riket av foreldre som då var norske statsborgarar, b) eller er fødde i utlandet av norske foreldre som då ikkje var statsborgarar i noko anna land, c) eller har opphalde seg i riket i 10 år, d) eller får <b>innfødsrett</b> av Stortinget.

	VEDTEKEN GRUNNLOVSTEKST	GRAVERUTVALETS FRAMLEGG
§ 93	Føresegnene i denne paragrafen gjeld ikkje <b>deltaking</b> i ein internasjonal samskipnad der avgjerdene berre har reint folkerettsleg verknad for Noreg.	Føresegnene i denne paragrafen gjeld ikkje <b>ved deltaking</b> i ein internasjonal samskipnad der avgjerdene berre har reint folkerettsleg verknad for Noreg.
§ 94	<b>Likeins</b> skal dei noverande faste skattane stå ved lag til neste storting.	<b>Like eins</b> skal dei noverande faste skattane stå ved lag til neste storting.
§ 96	<b>Pinefullt forhøyr må ikkje skje.</b>	<b>Det må ikkje haldast pinefullt forhøyr.</b>
§ 99	Regjeringa har ikkje rett til å nytte militær makt mot innbyggjarane utan etter lov, med mindre ei forsamling skiplar den offentlege roa og ikkje skilst åt så snart den sivile styresmakta tre gonger <b>har lese høgt og tydeleg for forsamlinga dei lovføresegnene som gjeld opprør.</b>	Regjeringa har ikkje rett til å nytte militær makt mot innbyggjarane utan etter lov, med mindre ei forsamling skiplar den offentlege roa og ikkje skilst åt så snart den sivile styresmakta tre gonger <b>har lese lovføresegnene om opprør høgt og tydeleg for henne.</b>
§ 100	Brevsensur kan ikkje setjast i <b>verk anna enn</b> i anstaltar.	Brevsensur kan ikkje setjast i <b>verk, så nær som</b> i anstaltar.
§ 104	Ingen kan bli frådømd <b>sin faste eigedom</b> eller <b>heile eiga si</b> på grunn av eit brotsverk.	Ingen kan bli frådømd <b>den faste eigedomen sin</b> eller <b>heile eiga</b> på grunn av eit brotsverk.
§ 105	Krev omsyn til samfunnet at nokon må gje frå seg <b>fast eller rørlig eigedom</b> til offentlig bruk, skal ho eller han få fullt vederlag av statskassa.	Krev omsyn til samfunnet at nokon må gje frå seg <b>sin faste eller rørlige eigedom</b> til offentlig bruk, skal ho eller han få fullt vederlag av statskassa.
§ 107	Odels- og åseteretten må ikkje opphevast. Dei nærare vilkåra for korleis han skal stå ved lag til størst mogleg nytte for staten og gagn for landallmugen, <b>blir fastsett</b> av det fyrste eller andre stortinget.	Odels- og åsetesretten må ikkje opphevast. Dei nærare vilkåra for korleis han skal stå ved lag til størst mogleg nytte for staten og gagn for landallmugen, <b>blir fastsette</b> av det fyrste eller andre stortinget.
§ 109	Korleis denne grunnsetninga skal gjennomførast, og kva <b>unnatak</b> ho skal ha, blir fastsett i lov.	Korleis denne grunnsetninga skal gjennomførast, og kva <b>unnatak</b> ho skal ha, blir fastsett i lov.
§ 110 b	Naturressursane skal <b>forvaltast</b> ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte <b>for å tryggje denne retten for</b> kommande slekter.	Naturressursane skal <b>disponerast</b> ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte <b>som tryggjer denne retten òg</b> for kommande slekter.
§ 112	Ei slik endring må likevel <b>ikkje</b> stri mot prinsippa i denne grunnlova, men berre gjelde modifikasjonar i einskilde føresegner som ikkje endrar ånda i denne konstitusjonen, og to tredjedelar av Stortinget må vere samde i ei slik endring	Ei slik endring må likevel <b>aldri</b> stri mot prinsippa i denne grunnlova, men berre gjelde modifikasjonar i einskilde føresegner som ikkje endrar ånda i denne konstitusjonen, og to tredjedelar av Stortinget må vere samde i ei slik endring.



# Drammensgutt i nynorskland.

## Erfaringer med NOU 2014:2 *Lik og Likskap*

Martin Hill Oppegaard<sup>1</sup>

I denne teksten deler jeg mine erfaringer, som bokmålsbruker, med å skrive nynorsk og noen refleksjoner om hva som skal til for at flere skal skrive nynorsk i regjeringskvartalet.

### **NOU 2014:2 *Lik og likskap***

Rapporten fra gravferdsavgiftsutvalget ble skrevet på nynorsk. Da utvalget leverte, var det tre og et halvt år siden det sist kom en NOU på nynorsk.<sup>2</sup> Ingen av utvalgets åtte medlemmer og heller ikke den ene utvalgssekretæren var daglige nynorskbrukere, men utvalgsleder Erling Lae skriver hallingdalsnynorsk og mestrer kløyvd infinitiv.

### **Min vei til nynorsk**

Posere ...

Jeg hadde gleden av å være en av sekretærene for en arbeidsgruppe som i 2009 leverte rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.<sup>3</sup> Det var mitt første større arbeid på nynorsk. Jeg startet ut med ambisjon om unngå alle an-be-het-elser. «Behov for» ble «trong for». Det lød veldig nynorsk, men var nesten ikke lesbart.

... eller kommunisere?

Med støtte fra arbeidsgruppen og kolleger ble språket tilpasset sin funksjon: å kommunisere. Nynorsken skal jo ikke stå i veien for

---

1 Martin Hill Oppegaard var sekretær for utvalget som i mars 2014 leverte NOU 2014:2 *Lik og likskap* til kulturministeren. Martin er jurist av utdanning og byråkrat av profesjon. Han arbeidet til daglig i kommunalavdelingen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Siden september 2016 har han vært sekretær for et utvalg som skal levere en utredning til kulturministeren høsten 2017 om søndagsåpne butikker.

2 Norges offentlige utredninger er skriftserien der statsforvaltningens uavhengige, faglige utredninger publiseres. NOU-er skrives stort sett av utvalg med sekretærbistand. Utvalgene oppnevnes av Kongen, og utredningen leveres til ansvarlig statsråd.

3 Kommunal- og regionaldepartementet (2009).

budskapet. Nynorsk skal ikke gi skribenten større høve til å synliggjøre seg selv enn andre språk. I forvaltningen er språket en vogn til å trille budskapet fra avsender til mottaker – korrekt, klart og med minst mulig friksjon. Juss og offentlig styring kan være vanskelig nok. Sære språklige valg er sjelden til hjelp.

### Å finne utvalgets nynorsk

Da gravferdsavgiftsutvalget gikk i gang med arbeidet, konstaterte vi at valgfriheten i nynorsk var blitt svært stor.<sup>4</sup> Noen utbrøt: «Valgfriheten blir nynorskens bane!» Vi landet på å bruke den interne malen til det daværende Kommunal- og regionaldepartementet, den nynorske husnormalen. Her tas det noen valg i valgfriheten. En kan spørre seg hvor langt forvaltningen skal gå for å tilpasse malen til statsrådets preferanser? Ny mal ved hvert skifte? Skal nynorskmalen anta en klar sørvestlandsk klang dersom statsråden er derfra? Skal malen opplyse om alternativene statsråden foretrekker, slik at hun kan få manuskripter på den nynorsken hun liker best? Etter min mening er svaret nei på spørsmålene. Statsråder må, som alle andre, leve med gjeldende rettskrivning. En statsråd fra Bærum må finne seg i at manus til talene rommer ordet «fram», selv om vedkommende bare bruker ordet for å benevne et skip på museum.

Jeg skrev ut normalens 19 sider og limte dem opp på skapdørene på kontoret mitt i R5. Jeg konsulterte utskriftene og *Nynorskordboka* på nettet hver dag. Det ble ingen språkstrid i utvalget.<sup>5</sup>

Tidlig i arbeidsprosessen laget vi oss en ordliste med ordforklaringer som senere ble et vedlegg i rapporten. Det var nyttig. Dette var et steg i arbeidet som ledet til at utvalget foreslo å bytte en rekke ord i gravferdsloven og gravferdsforskriften ut med nye ord som bedre treffer den rettslige realiteten.<sup>6</sup>

---

4 Jeg begriper ikke hvorfor det er tillatt å skrive *ueinigheit* på nynorsk når vi har det deilige ordet *usemje*.

5 Derimot var språkvaskeren ikke helt fornøyd med valgene våre. Jeg stusset likevel over at lovlige bøyningsformer ble rettet til et annet lovlig alternativ. I forvaltningen er vi litt hårsåre når det kommer til hvem vi aksepterer skal kontrollere forvaltningens valg mellom lovlige alternativer.

6 For eksempel gir det «å feste» en grav så lite reell handlefrihet at det er riktigere å kalle det «leie». Og et gravlegat er egentlig ikke noe annet enn forskuddsbetalt gravstell.

## Byråkrater blir fort usikre

Er vi tjent med at noen politikkområder blir nynorske?

Ctrl+C og Ctrl+V er gode byråkratverktøy. Det er lurt å ta utgangspunkt i tidligere tekster og gjengi dem nøyaktig. I tillegg kan en spare tid og krefter ved å gjenbruke tekster, for eksempel tekst fra proposisjoner når en skriver veiledere. Dersom en utredning finnes på nynorsk, kan det være enklere å skrive det etterfølgende høringsnotatet på nynorsk. Og proposisjonen. Og iverksettingsrundskrivet. Og det neste høringsnotatet på samme område. Dermed er politikkområdet blitt nynorsk. Det hjelper på nynorskprosenten, men er det lurt? Kaster kanskje våre to målformer mest av seg om vi veksler mellom dem? Skal byråkrater kunne skjerme seg fra å skrive nynorsk ved å unngå visse politikkområder?

Hvordan motivere bokmålsjurister til å skrive nynorsk?

Det er ingen enkel sak å motivere bokmålsjurister til å skrive på nynorsk.<sup>7</sup> Vi er så godt vant med våre vante formuleringer og velbrukte ord. På tross av høy formell kompetanse og gjerne lang erfaring blir byråkrater fort usikre. Frykten for å stille statsråden i forlegenhet preger både byråkratens og organisasjonens reaksjonsmønster. Dette har noe å si for forvaltningens bruk av nynorsk.

Du lurer kanskje på hvorfor teksten her er på bokmål? Burde jeg ikke vise meg fram som nynorskskrivende bokmålsjurist fra Drammen? Jeg visste med meg selv at frykten for skrivefeil og dårlig nynorsk ville koste masse energi. Derfor er artikkelen på bokmål. Det ville være ekstra skummelt å skulle skrive nynorsk i et hefte fra Språkrådet. Under skrivingen ville jeg slite med et indre bilde av kritiske lesere som hode-rystende avdekket mine feil og svakheter i nynorsk. Med hyppige søk i *Nynorskordboka* og kollegastøtte (fra Sykkylven) kunne dette nok blitt en god nynorsktekst, men artikkelen er på bokmål for å understreke dette: Følelser og forestillinger påvirker motivasjonen for å skrive på nynorsk. Først når vi har trygget bokmålsjuristene, vil det bli enkelt å øke nynorskandelen.

En utbredt misforståelse blant bokmålsbrukere er at nynorsk stiller store krav til språklig konsekvens: for eksempel at det å velge presensal-

---

<sup>7</sup> Jeg stusser over at jurister i forvaltningen kan virke overrasket over at de skal skrive nynorsk på jobben. Alle jurister har jo finlest lover på nynorsk under studiene, studert forarbeider på nynorsk og lest tekstene til professorer og dommere som skriver nynorsk. Vi visste hva vi gikk til da vi tok jobb i forvaltningen.

alternativet *tar* i stedet for *taler*, fører til at en må velge endelser med enkel vokal i visse ord (som *bispedøme* i steden for *bispedømme*). Dette eksempelet er selvfølgelig visvas. Men jeg har hørt folk si at å velge *verte* framfor *bli*, forutsetter «konservative» valg ellers. Gjør det? Hvilket av alle alternativene er i så fall det konservative alternativet med *verte*-klang?

Bokmålsbrukeren vet at hun eller han mangler nynorsk språkfølelse, og blir derfor usikker. Dette er en kostnad ved valgfriheten: Byråkrater blir utrygge på hva de skal velge, og om valget de har tatt, peker mot visse alternativer ved neste korsvei.

Det er jo storveies å skrive hele budsjettproposisjonen på nynorsk, men hvor langt kommer vi egentlig språklig, estetisk og faglig med setninger som denne: «Regjeringa har som mål at gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring skal blir merkbart høgre.» Det høres jo ut som om statistikken er et mål i seg selv. Hva er galt med «Regjeringa vil at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring»? Kanskje en like gjerne skulle holdt seg med en budsjettproposisjon på bokmål? For poenget med å skrive nynorsk er vel mer enn å etterleve målloven?

For å harmonisere kunne jeg skrevet at vi bør behandle svak nynorsk slik vi behandler fargeløst bokmål – med et skuldertrekk. Da blir ingen lei seg. Men dette er selvfølgelig latskap. Poenget i vår sammenheng er: God nynorsk er det beste virkemiddelet for å unngå fargeløst bokmål.

Elsker du juss, vil du elske nynorsk!

En sentral del av det juridiske arbeidet er å forme relasjoner og grenser med ord. Vi har et vidunderlig fag! Teksten krever en fasthet tanken kan mangle. Det er jo ikke dumt om språket krever at vi skriver helt tydelig. Kan jeg foreslå nynorsk? Nye landskap hvor du kan jakte på de beste ordene?

Er lover på nynorsk bedre?

Offentlighetsloven, *lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)* er et eksempel på at lover ikke blir gode fordi de er på nynorsk.<sup>8</sup> Loven er vanskelig og ambisjonene

---

8 Det er pussig å lese «offentleglova» i bokmålstekster. Lovens såkalte offisielle korttittel er vel ikke et egennavn? Det er ikke pent å kalle Karen for Karin, men referansen til en lov må da vel følge målformen i teksten ellers. Eller er det et mål å maksimere friksjonen i kommunikasjonen?

om gjennomsiktighet upraktisk høye.<sup>9</sup> Den ville vært en ytterliggående lov også om den hadde vært på bokmål.

Å arbeide grundig med språket kan gjøre lover bedre

Selv om lover på nynorsk ikke uten videre er bedre enn lover på bokmål, kan arbeid med lovspråket gjøre lovene bedre. Dessuten kan det være ordentlig moro. For en bokmålsbruker kan det være forfriskende å ta i bruk nye ord og få tenke en gang til over hvordan en mening skal uttrykkes. Den konkrete og direkte uttrykksmåten i nynorsk kan gi bedre lovtekster. Dette sies ikke uttrykkelig i Difis hefte *Et klarere lovspråk – kom i gang!* Men rådene der får meg til å tenke: Hvordan ville vi sagt det på nynorsk?

### **Nynorskens tellekantproblemer**

Også nynorsken preges av mål- og resultatstyringen og dens ulemper. 25 prosent av tekstmengden i statsforvaltningen skal være på nynorsk. Siden det er lett å telle sider og publikasjoner, blir det gjort hvert år. Tallene sier utvilsomt noe sant om nynorsk som forvaltningsspråk. Noen departementer har langt igjen før de oppfyller målloven. Heldigvis for dem kommer ikke fylkesmannen på tilsyn.

Hva så med de insentivene tellesystemet skaper? Én virkning er at det er fornuftig å kommunisere med Stortinget på nynorsk fordi det teller mer.<sup>10</sup> Det er overraskende at ikke flere høringsnotater oversettes til nynorsk samtidig som høringsinstansene jobber med dem, slik at departementet kan ta fatt på bearbeidingen til en proposisjon på nynorsk.<sup>11</sup> Det er også overraskende at ikke flere departementer stiller krav om at konsulentmiljøer leverer rapporten på nynorsk. Glemmer bestillerne at mange konsulenter og forskere har nynorsk fra skolen?

---

9 Det er pussig hvordan kravene til åpenhet er større når det gjelder kommunene enn staten, departementene, direktoratene og Stortinget (og dets underliggende organer). Som en mann sa: «Jeg likte toppskatten helt til den rammet meg selv.» Men staten kan unngå å bli rammet selv.

10 Hvordan påvirker det nynorskens preg av elitespråk at det gir mer uttelling å skrive nynorsk til Stortinget og mindre å skrive nynorsk på regjeringen.no og i veiledere?

11 Dersom lovproposisjoner skal oversettes til nynorsk, bør det skje så tidlig i prosessen som mulig. At vi oversetter særmerknader kort tid før de skal i statsråd, er skummelt, for de leses på en trinnhøyde marginalt under lovteksten.

En annen effekt av tellesystemet er at det ikke er fornuftig å lage publikasjoner på begge målformer. De nøytraliserer hverandre i opptellingen. Det er mer fornuftig å utgi noen publikasjoner på bokmål og noen på nynorsk. Da blir ikke nynorskpublikasjonen nøytralisert av bokmålsversjonen. Spørsmålet er om det trenger å være slik. Hva skjer dersom bokmålsversjonen ikke nøytraliserer nynorskversjonen?

Målloven § 8 krever at statlige organer skal sørge for at tekstproduksjonen «vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei». Dette er operasjonalisert av Kongen i *forskrift om målbruk i offentleg teneste* § 6: «For tilfang etter § 8 første ledd i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.» Hvordan parallellutgaver skal telles, er ikke uttrykkelig løst i forskriften. I Språkrådets brev og skjema i samband med den årlige tellingen går det fram at parallellutgaver telles med 50 prosent av sidetallet i hver målform. Jeg mener at loven og forskriftens krav om at nynorsk skal være representert med minst 25 prosent av tekstmengden, kan leses annerledes. Teksten kan leses slik at når det foreligger parallelle utgaver på begge målformer, er den målformen det er minst av, representert med denne publikasjonen. Med andre ord at der det er mest bokmål, telles ikke bokmålsversjonen av publikasjoner som også foreligger på nynorsk. Da får statsorganet full uttelling for å skrive på nynorsk. Det er vel en grunn til at Kongen valgte det åpnere «skal være representert med» og ikke «skal utgjere» eller tilsvarende? Og det er vel ingen grunn til å velge den tolkningen som gir de minst fornuftige insentivene?

## Avslutning

Kravet om at ansatte i departementene skal mestre begge målformer, er en fordel for norsk juss. Denne ørlille motbakken for bokmålsbrukere krever et språkarbeid som kan gjøre lovtekstene og drøftelsene bedre. Jurister som synes det er tyngre å skrive nynorsk, har spesielt godt av det. Ta utfordringen, og send en liten takk til målloven og til dem som teller sidene du skriver!

# Nynorsk lov(gjevings)soge. Frå normaltid til innsyn

*Kjetil Aasen*

Nynorsk er eit etablert lovspråk i Noreg i dag og har vore det sidan 1920-åra. I dag er nynorsk og bokmål jamstilte målformer i det offentlege og i skuleverket, iallfall på papiret. Mållova slår fast at nynorsk og bokmål er jamstilte i statleg forvaltning, men likevel er det ingen tvil om at bokmål er den klart mest brukte av dei to målformene på dei aller fleste samfunnsområde. Stortinget, den lovgjevande statsmakta, er ikkje omfatta av mållova, så målforma i kvar enkelt lov har i praksis vore opp til kvar enkelt saksordførar og departementa som førebur lovene. Det har ført til at somme lover kjem på nynorsk, medan dei aller fleste kjem på bokmål.

## **Norsk lovspråk før Ivar Aasens landsmål**

Nemninga *nynorsk* var i utgangspunktet ein språkhistorisk merkjeklapp. Ein skil i språkhistoria mellom *gammalnorsk* eller *norrønt*<sup>1</sup> (frå ca. 700 til 1350), *mellomnorsk* (frå ca. 1350 til 1525) og *nynorsk* eller *moderne norsk* (frå ca. 1525). Ein reknar med at dialektane slik vi kjenner dei i nyare tid, voks fram i den siste perioden. Skriftspråket *nynorsk* var meint å vera ei skriftfesting av og ein samnemnar for dei *nynorske* dialektane. Det er difor anakronistisk å rekna gammalnorsk lovspråk som del av den nynorske lovgjevings saga.

I gammalnorsk tid hadde vi eit eige norsk skriftspråk, og det var i bruk som lovspråk. Det gammalnorske lovspråket heldt stand heilt til Kristian IVs regjeringstid (1588–1648). I 1604 vart Magnus Lagabøtes landslov omsett til dansk og i det vesentlege vidareført som Kristian IVs norske lov.

Då den nyleg vedtekne Grunnlova måtte reviderast hausten 1814 i samband med unionen med Sverige, vart det teke inn ei ny føresegn i § 81: «Alle Love udfærdiges i det Norske Sprog ...». Denne føresegna hadde brodd mot svensk språk og innebar at dansk heldt fram med å

---

1 *Norrønt* er ei fellesnemning for gammalnorsk og gammalisländsk.

vera lovspråk i Noreg, jamvel om dei politiske banda med Danmark var brotne.

Lovspråket på det aller meste av 1800-talet låg svært nær dansk slik det vart brukt i Danmark. Difor kan ein seia at då den aller første lova vart vedteken på nynorsk i 1894, var det første gong sidan norrønt lovspråk gjekk ut av bruk, at ei norsk lov vart gjeven i ei særnorsk språkform.<sup>2</sup>

### Det nye landsmålet

Etter 1814 skulle det enno vara fleire tiår før det fanst eit alternativ til det danske skriftspråket i Noreg. Ivar Aasen (1813–1896) arbeidde i 1840-åra systematisk med vitskapleg undersøking av bygdedialektane i store delar av Noreg, og han var samanhengande på reisefot frå 1842 til 1846. Før Ivar Aasens arbeid fanst det ingen systematisk kunnskap om dei norske dialektane. I 1848 gav han ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* og i 1850 *Ordbog over det norske Folkesprog*. I åra etter arbeidde han vidare med å samla inn meir språkmateriale frå dialektane, og han arbeidde med å laga eit standardisert landsgyldig skriftspråk på grunnlag av dette materialet. I 1864 kom *Norsk Grammatik* og i 1873 *Norsk Ordbog*, som beskreib eit nytt skriftspråk, føregangaren til det som seinare vart kjent som *landsmål* og *nynorsk*. Aasen gav òg ut dikting på det nye skriftspråket, og slik sytte han for at det tidleg vart eit litteraturspråk.

Alt i Ivar Aasens levetid fekk det nye landsmålet eit politisk gjennombrøt ved at Stortinget vedtok at det skulle jamstillast med det norsk-danske skriftspråket. Den 12. mai 1885 gjorde Stortinget det såkalla «jamstillingsvedtaket» med 78 mot 31 røyster:

Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.

